

**Ekstern høring - utkast til
Nasjonale faglige råd – Velferdsteknologi til barn og unge med nedsatt funksjonsevne**
Saksnummer (360): 20/35062

Tilbakemeldingsfrist 10. januar 2021

- Vennligst send skjemaet på e-post til postmottak@helsedir.no
- I emnefeltet, oppgi referanse «20/35062 – Innspill høring – Nasjonale faglige råd – Velferdsteknologi til barn og unge med nedsatt funksjonsevne»

Høringsinstans:

| | |
|--------------|-------------------------|
| Navn: | <i>Jane Svartskuren</i> |
| Arbeidsplass | <i>Isaac Norge</i> |

| Innhold i veilederen: | Kommentarer fra høringsinstansen |
|------------------------------|--|
| Generelle kommentarer | <p>ISAAC (<i>Internasjonal Society for Augmentative and Alternative Communication</i>) Norge er ein organisasjon som har som mål å arbeide for at personar med språk- og kommunikasjonsvanskar skal ha reell mulighet til å bruke Alternative og Supplerende Kommunikasjonsformer (ASK) og kommunikasjonshjelpemiddel i kvardagen sin. Organisasjonen har personar som brukar ASK, pårørande og fagpersonar som medlemmer.</p> <p>ISAAC Norge er glad for at Helsedirektoratet kjem med Nasjonale faglege råd når det gjeld velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne. Det er stort behov for auka kunnskap, kompetanse og systematisering av dei kommunale tenestene på dette området.</p> |

| Innhold i veilederen: | Kommentarer fra høringsinstansen |
|---|---|
| | <p>Språk- og kommunikasjonsteknologi er ein del av velferdsteknologien. Vi vil med dette gi høyringsinnspel som gjeld personar som bruker alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK), og som treng velferdsteknologi i form av taleteknologi</p> |
| <p>Kapittel 1 «Råd til kommunene»</p> | |
| <p>Råd 1 «Kommunen bør etablere ett eller flere tverrsektorielle tjenesteforløp for tildeling og oppfølging av velferdsteknologi til barn og unge med nedsatt funksjonsevne»</p> | <p>ISAAC Norge støttar dette, og meiner at det vil bidra til å auke bruken av velferdsteknologi for barn og unge som treng det. Vi er særleg glad for at det tverrsektorielle vert vektlagt, og at tenesteforløpet er konkretisert i modellane. Når det gjeld barn og unge som treng taleteknologi, er nettopp kunnskap frå mange fagområde avgjerande for å lukkast. Vi ber om at det spesielt blir påpeikt at der skal vere minst eit tverrsektorielt tenesteforløp med kunnskap og kompetanse når det gjeld alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Dette bør organiserast som eit tverrsektorielt ASK-team. Stavanger kommune har sidan 2015 hatt eit tverrfagleg ASK-team for barn/elevlar i barnehage og grunnskule, og ser nytten av det. For å sikre kvalitet i heile tenesteforløpet er det avgjerande med ASK-kompetente fagfolk både frå helse (f.eks. ergoterapeut, fysioterapeut, vernepleiar), barne- og familiesektoren og oppvekstsektoren (pedagogar, logoped, PPT-rådgjevar). ASK-teamet bør organiserast slik at det i tillegg til å ha kompetanse på kartlegging, igangsetting og oppfølging av ASK-tiltak, også spesielt kan ta i vare dei sårbare overgangane i livet når det gjeld barnehage, skule, bustad, fritid og arbeid.</p> <p>Vi veit at der er store kunnskaps- og kompetansemanglar på ASK-feltet i kommunane. For at tenesteforløpet skal ha tilstrekkeleg kvalitet, er det for ASK- brukarar avgjerande at tenesteforsløpet sikrar kompetanse både når det gjeld sjølve teknologien, men også på fagområdet alternativt språk og kommunikasjon, og korleis lage eit godt språkmiljø for ASK-brukarane.</p> <p>Helsedirektoratet må vurdere korleis ein i tenesteforløpet skal sikre kompetanse i heile forløpet, dvs. både når det gjeld kartlegging, utvelging, implementering og opplæring.</p> |

| Innhold i veilederen: | Kommentarer fra høringsinstansen |
|---|--|
| <p>Råd 2 «Kommunen bør tilby velferdsteknologi i tjenester til barn og unge med nedsatt funksjonsevne for å fremme økt mestring av eget liv og deltagelse med andre»</p> | <p>ISAAC Norge er svært nøgd med dette rådet. Slik vi forstår det, inneber det at kommunen skal være på offensiven og ta initiativ til at barn og unge får det dei treng. For barn med behov for ASK, kan dette vere eit initiativ som fremjer tidlege tiltak. Vi veit at svært mange barn får tilbod om taleteknologi altfor seint. Dermed har dei mista viktig tid til språkutvikling, læring og livskvalitet.</p> <p>Når kommunen skal tilby velferdsteknologi i tenestene sine, inneber det at dei må ha kunnskap og kapasitet til dette. Teknologi utviklar seg i rasande fart, og kommunen treng dermed kontinuerleg oppdatering.</p> <p>I kap.5 i erfaringsrapporten frå kommunane er der mange viktige innspel om kva som skal til for å lukkast. Kompetanse og kunnskap er sentralt. Når det gjeld taleteknologi er erfaringa vår at det framleis er store manglar på kunnskap og kompetanse i kommunane. Vi kan ikkje sjå dokumentert i rapporten konkrete eksempel på kva kommunane har gjort for å opparbeide seg kompetanse som sikrar tilstrekkeleg kvalitet i tenesteforløpet når det gjeld utvelging av, opplæring i og bruk av taleteknologi. Slik situasjonen er i dag, vil mange i kommunane finne det vanskeleg å skaffe seg slik kompetanse. Det er store manglar både når det gjeld vidareutdanning og kurs. Kompetanseløft for kommunane når det gjeld bruk av ASK må utarbeidast og implementerast i kommunane for å sikre kvalitet i tenestetilbodet.</p> |
| <p>Råd 3 «Kommunen skal involvere barnet og familien i prosessen med kartlegging, tildeling og oppfølging av velferdsteknologi til barn og</p> | <p>Dette rådet er heilt avgjerande for å lukkast dersom barn og unge som treng taleteknologi skal ha auka meistring i eige liv, og auka deltaking i samfunnet i lag med andre.</p> <p>Foreldre kan i utgangspunktet ikkje ASK. Foreldre og øvrig familie, som sysken, er dei viktigaste samtalepartnarane og språkmodellar for alle som skal lære språk og kommunikasjon. Familien til personar som treng ASK, er heilt sentrale kommunikasjonspartnarar og språkmodellar for bruk av ASK.</p> <p>Dersom ingen rundt barn og unge med store kommunikasjonsvanskar tek i bruk og viser ASK, vil dei ikkje kunne lære seg eit språk i det heile. Dette vil kunne føre til einsemd, psykiske vanskar og utagering. Derfor vil</p> |

| Innhold i veilederen: | Kommentarer fra høringsinstansen |
|--|---|
| <p>unge med nedsatt funksjonsevne»</p> | <p>det i heile livsløpet til ein ASK- brukar være naudsynt å gi nærpersonar og personale god opplæring i å bruke ASK i kvardagen. Dei som har ansvar for individuell tilrettelegging av ASK må ha formell ASK- kompetanse.</p> <p>I dag har ikkje foreldre og andre nærpersonar noko tilbod om opplæring i ASK. Dette må lagast til og settast i system. Foreldre til barn som bruker tegnspråk har tilbod om omfattande opplæring. Foreldre til ASK- brukarar har dei same behova for opplæring for å kommunisere med sitt barn.</p> |
| <p>Kapittel 2 «Metode og prosess»</p> | <p>«Metode og prosess»</p> <p>Den nasjonale utprøvningsmodellen har ifølge rapporten resultert i at i ulike kommunar i denne perioden har skapt kunnskap, kompetanse- og arbeidsverktøy, metodar og tenestemodellar som er naudsynte for at velferdsteknologiske løysingar skal bli ein del av tenestetilbodet til barn og unge med nedsett funksjon. Dette er verdfull kunnskap og gode verktøy som eignar seg for gjenbruk av andre kommuner som vil komme i gang.</p> <p>Dette er ein spennande prosess. ISAAC Norge ber om eit oppfølgingsprosjekt der tiltaka vert meir spissa. Dette bør gjerast for å utvikle enno meir konkrete modellar som er tilpassa bruk av ulike velferdsteknologiar. Spesielt ber vi om eit prosjekt avgrensa til bruk av velferdsteknologi i form av taleteknologi. Drammen kommune vektla ASK i siste delen av prosjektet. Dei hadde som mål å utarbeide ein handlingsplan. Deltakarane i prosjektet benytta ulike ASK- verktøy. Dei har sett opp eit tenesteforsløp for dei som treng ASK.</p> <p>Taleteknologi krev spesiell kunnskap utover det som det elles er bruk for innanfor velferdsteknologi. Stega i tenesteforsløpet er dei same, men det er trong for auka individuell tilpassing, kunnskap om språk og alternativ språklæring, og opparbeiding av eit alternativ språkmiljø. Rapporten frå Drammen visar at dei har arbeidd på området, men det er ikkje tilstrekkeleg konkretisert og systematisert til at andre kommunar lett kan ta dette i bruk.</p> |

| Innhold i veilederen: | Kommentarer fra høringsinstansen |
|------------------------------|---|
| | <p>Med den rivande utviklinga det har vore og er innanfor taleteknologi, er der behov for ein nasjonal utprøvningsmodell med systematisk utprøving og oppfølging av ASK-brukarar i kommunane over tid. Dette vil gi viktig kunnskap om kva som skal til nettopp for å lukkast i kommunane for barn og unge med behov for taleteknologi.</p> |